

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## **KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)**

### **EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.**

[**792**] N-21749 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 22; 1988c: 49, 60; 1989: 92; 1990b: 18, 21 [35]; Christophersen 1998: 27).

Eigarinnskrift på merke av tre, kanskje avbrote og i dag utan noka form for festepunkt. Det er mogleg at eit tidlegare feste er brote av. Gjenstanden slik han er no, er 75 mm lang med eit tverrsnitt på 26 x 13 mm.

Funnet vart gjort i 1974, felt FE i hovudfase 7/9, som til saman dekkjer tida mellom ca. 1175 og 1325. Runene står på den eine breisida og er delvis dobbeltskorne. Innskrifta fyller storparten av den flata ho står på. Ho er 51 mm lang og runene 13 mm høge. Merket er i dårleg forfatning, og r. 8 er så defekt at berre restar av staven no er synleg. Det er likevel liten tvil om at siste rune i innskrifta er **a**. Føregåande r. 7 (**r**) har open boge.

\* ᚠ ᚢ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ ᚱ

**h o s k u l r a**

*Hoskuldr á. 'Hoskuld eig'.*

Innskrifta innheld den vanlege formularen i eigarinnskrifter. Det er nytta ulike teikn for dei to vokalane i namnet, så det synest mest rimeleg å oppfatta det som *H†skuldr* og ikkje *H†skollr*, som er rekna for å vera den mest opphavlege forma (Lind 1905-15: 611).

Innskrifta her har etter alt å dømma assimilert *-ld*, og slike former er elles belagde i hss. med latinsk skrift også i former med *u* i andre staving slik vi har her (Lind 1905-15: 608).

Namnet har svært mange belegg frå Island og synest å ha vore brukt der alt frå den eldste tida. Også frå Orknøyane finst det belegg. I Noreg synest namnet å ha vore meir sjeldsynt, og i den grad det er belagt, synest det helst å ha hatt den meir opphavlege forma *Hoskollr* (Lind loc. cit.).